

# Møtereclar



## 1. Samansetjing, tale framlegg- og røysterett

- Alle som er på møtet får talerett.
- Utsendingar frå 4H-klubbane, alumnklubben, fylkesstyret, arrangementsmedlemmer og kløvermedlemmer har framlegg- og røysterett.
- Fylkesstyret har ikkje røysterett under handsaming av årsmelding og rekneskap.

## 2. Taletid replikkar

- Avgrensing av taletida kan innførast av årsmøtet etter framlegg frå ordførar eller årsmøtere representantar.
- Ordførar har rett til å føreslå avgrensingar i taletid og høve til replikk, og setje strek.
- Den som ønskjer ordet, melder seg ved å vise stemmeteikn og ein finger for innlegg eller to fingrar for replikk.

## 3. Om handsaming av saker

- Framlegg til vedtak må leverast skriftleg til ordførarbenken. Det er ikkje høve å ta opp noko nytt framlegg etter at det er sett strek.

- I protokollen vert det ført framlegg, talar, avstemmingar og vedtak.
- Dersom det er mange framlegg i ei sak kan årsmøtet setje ned ei redaksjonsnemnd.

## 4. Reglar for avrøysting

- Dersom ikkje anna er sagt i vedtektene vert sakene avgjort med absolutt fleirtal (meir enn halvparten av røystene).
- Ordførar eller utsendingar kan krevje skriftleg røysting.
- Det skal vere skriftleg val på styreleiar og styremedlemer. Ved andre personval skal det vere skriftleg dersom det er framlegg om meir enn ein kandidat.
- Alle med røysterett som forlet møtesalen under møtet må melde frå om dette til referentbordet, slik at ordførar alltid har full oversikt over kor mange med røysterett som er til stades.

## 5. Unntak frå forretningsorden/dagsorden

- Ordførar kan gjere framlegg om at det vert gjort unntak frå dagsorden eller forretningsorden. Årsmøtet må gje si tilslutning ved absolutt fleirtal.